

Helse Førde HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

Dykkar ref:

Vår ref:

2013/257 - 2101/2014

Sakshandsamar:

Hilde Rudlang 51 96 38 15

Dato:

08.04.2014

## **Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus, framtidas lokalsjukehus – oppfølging av styrevedtak i Helse Vest RHF**

I møtet 5. februar 2014 behandla styret i Helse Vest RHF sluttrapporten frå Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus og høyringsuttalane til rapporten (sak 015/14). Styret vedtok samrøystes:

1. Styret i Helse Vest seier seg godt nøgd med arbeidet i «Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – framtidas lokalsjukehus», og sluttar seg til modellen som er utvikla og ber Helse Førde om å realisere planen. Styret deler administrasjonen sin vurdering av at det må etablerast lokal leing for å understøtte gjennomføring av modellen.
2. Løysingane som er valt framstår framtidretta, og styret konstaterer at det er stor semje om hovudgrepa i modellen. Modellen kan gi nyttige innspel til andre helseføretak, til kommunalt utviklingsarbeid og til arbeid med ny nasjonal helse- og sjukehusplan.
3. Spørsmålet om dagkirurgi vil styret ta stilling til i eiga sak.

I same møte, i sak 016/14 «Vurdering av dagkirurgi ved Nordfjord sjukehus», vedtok styret samrøystes:

1. Styret i Helse Vest slår fast at det skal etablerast eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus.
2. Tilbodet må ha eit omfang på om lag 60 operasjonsdagar i året. Kataraktkirurgi (grå stær) vil vere eit sentralt område. Helse Førde må fortløpande vurdere alle andre fagområde ut frå behov, ventetider og bemanning innanfor dei ulike fagområda. Kvalitet og pasienttryggleik må vere avgjerande i val av fagområde.

3. Helse Vest vil bidra til å dekke kostnadene til nødvendige investeringar og meirkostnader til drift med inntil kr 4 mill. til drift og inntil kr 8 mill. som eit eingongsbeløp til nødvendige investeringar.

Helse Vest ber Helse Førde følgje opp styrevedtaka.

Med vennleg helsing

Herlof Nilssen  
administrerende direktør

Baard-Christian Schem  
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
Helse Vest, Postmottak

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)